



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
42/23	Formannskapet	14.03.2023
23/23	Kommunestyre	21.03.2023

Detaljeregulering - Småstranda næringsareal - Sluttvedtak

Samandrag:

Kommunen har motteke 22 merknadar etter at "Detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde" har vore ute til 1. gongs høyring. Innspela er merknadshandsama av administrasjonen med tilrådingar. Saka vert lagt fram til endeleg godkjenning.

Kommunestyre 21.03.2023

Behandling:

Kommunedirektøren svarde på spørsmål som vart teke opp av Ottar Jan Løvoll i sak 16/23 *Godkjenning av innkalling og sakliste* om saka burde vore lagt fram i øvrige råd og utval og nære økonomisk utgreiing: Opplyste at planen har vore lagt ut på høyring, og alle kunne kome med innspel. Vidare opplyste han at sidan dette gjeld eit vedtak om godkjenning av reguleringsplan, treng ein ikkje meir økonomisk utgreiing.

Ottar Jan Løvoll meinte at saka burde ha vore lagt fram som sak i øvrige råd og utval, og sette fram framlegg om at saka vert utsett.

Votering over utsetjingsframlegget:

9 røyster mot utsetjing. Ordførar Lena Landsverk Sande, V, varaordførar Ingebrigt Berget, Sp, Solveig Menes, Sp, Petter Bondhus, Sp, Bjarne Sætrenes, Frp, Miriam Nystøyl, Frp, Øystein Blom, Krf, Joar Lille Rovde, Krf, Roger Eikeset, Ap).

9 røyster for utsetjing. (Ottar Jan Løvoll, Ap, Knut Aksel Thunem, Ap, Nils Olav Moen, Helsepartiet, Monika Skår, Helsepartiet, Idar Brekke, H, Katrin Brekke Sunde, H, Per Johnny Brekke, H, Rolf Dyb, Frp, David Lien, V.)

Med ordførarens dobbeltrøyst vart det vedteke å handsame saka.

Endeleg votering:

12 røyster for tilrådinga frå formannskapet (Ordførar Lena Landsverk Sande, V, varaordførar Ingebrigt Berget, Sp, Solveig Menes, Sp, Petter Bondhus, Sp, Knut Aksel Thunem, Ap, Roger Eikeset, Ap, Øystein Blom, Krf, Joar Lille Rovde, Krf, Bjarne Sætrenes, Frp, Miriam Nystøyl, Frp, Rolf Dyb, Frp, Nils Olav Moen, Helsepartiet).

6 røyster mot tilrådinga frå formannskapet (Idar Brekke, H, Katrin Brekke Sunde, H, Per Johnny Brekke, H, Ottar Jan Løvoll, Ap, David Lien, V, Monika Skår, Helsepartiet).

KO - 23/23 Vedtak

"Detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde" (planid. 202203) revidert 28.02.2023 vert godkjend i samsvar med plan- og bygningslova §12-12.

Formannskapet 14.03.2023

Behandling:

Planleggar Pernille Ibsen Lervåg frå Norconsult orienterte og svarde på spørsmål via videolink.

Votering:

4 røyster for kommunedirektøren si tilråding (Ordførar Lena Landsverk Sande, varaordførar Ingebrigt Berget, Bjarne Sætrenes, Øystein Blom)

3 røyster mot kommunedirektøren si tilråding (Ottar Jan Løvoll, Idar Brekke, Katrin Brekke Sunde)

FO - 42/23 Vedtak

Formannskapet tilrår:

“Detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde” (planid. 202203) revidert 28.02.2023
vert godkjend i samsvar med plan- og bygningslova §12-12.

Kommunedirektøren si tilråding:

“Detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde” (planid. 202203) revidert 28.02.2023
vert godkjend i samsvar med plan- og bygningslova §12-12.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 14.03.2023 - 42/23

Formannskapet tilrår:

“Detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde” (planid. 202203) revidert 28.02.2023
vert godkjend i samsvar med plan- og bygningslova §12-12.

Vedlegg:

Dok 01_Plankart_Småstranda_detaljregulering_2023.02.28
Dok 02_Føresegner_Småstranda_detaljregulering_2023.02.28
Dok 03_Planomtale_Småstranda_detaljregulering_2023.02.28
Dok 04_ROS-analyse_Småstranda næringsområde_2022.12.20
Vedlegg 1_Bølgeanalyse, erosjonssikring og kai_Småstranda næringsområde_2022.06.29
Vedlegg 2_Trafikkvurdering_notat_Småstranda næringsområde_2022.06.15
Vedlegg 3_Geotekniske grunnundersøkelser - datarapport_Småstranda næringsområde_2022.10.18
Vedlegg 4_Geoteknisk vurdering_Småstranda næringsområde_2022.12.20
Vedlegg 5_Sjøbunnkartlegging_RIM-01_Småstranda næringsområde_2022.10.27
Vedlegg 6_Miljøteknisk sedimentundersøkelse, RIM-02_Småstranda næringsområde_2023.01.19
Vedlegg 7_Konsekvensutredning naturmangfold i sjø, RIM-03_Småstranda næringsområde_2022.10.31
Vedlegg 8_Skredfarevurdering_Småstranda næringsområde_2022.04.25
Vedlegg 9_Visualiseringer_Småstranda næringsområde_2022.12.19
Fra Direktoratet for mineralforvaltning 03.02.2023
Fra DSB, datert 22.12.2022
Fra fylkeskommunen_09.02.23
Fra Kystverket_24.01.23
Fra Mattilsynet_31.01.2023
Fra NVE_08.02.2023
Fra Statens vegvesen_13.01.23
Fra Statsforvalteren 03.03.23
Småstranda Næringsområde_Oppsummering av merknader ved varsel om planoppstart i 2022
Småstranda_Oppsummering av innspill ved offentlig ettersyn_27.02.2023
Fra Bernd Kinkel - på norsk
Fra Bernd Kinkel - på tysk_28.01.2023
Fra Bjarne Maalø_26.02.2023
Fra Daniel Eidså_02.02.2023
Fra David Eidså_03.02.2023
Fra Gerd Slåke_17.01.2023
Fra Johanne og Kjell Brandseth_31.01.2023
Fra Lea Eidsaa_02-02-2023
Fra Magritt Kile Slåke_19.01.23
Fra Rakel Eidsaa_02.02.2023
Fra Roland Kinkel_18.01.2023
Fra Stein Eidsaa_02-02-2023
Fra Svein Bjarne Slåke_29.01.23
Fra Torger Eimhjellen_20.02.2023

Saksopplysninger:

Kommunestyret i Vanylven kommune vedtok i sak 86/21, i medhald av plan- og bygningslova § 12-3 og §12-8, å starte opp detaljreguleringsarbeid for Småstranda næringsområde. Norconsult vart engasjert til å utføre arbeidet med detaljplanlegging. Kommunen varsla om igangsetjing av regulering i januar 2022.

Planforslaget legg no til rette for etablering av eit område for industri/lager i Svorringevika ved Småstranda, som kan bli opp til knappe 20 daa stort. Beslaglagt sjøbotn utgjør med skråningsutslaget ca. 30 daa. Planframlegget er ikkje direkte tiltaksretta, men legg rammer for seinare tiltak. Planen er avklarande i høve til arealbruk, og naudsynte arealbruksavklaringsar er gjort gjennom planprosessen. I og med at det ikkje er teke endeleg avgjerd om type verksemd som skal etablerast her, legg planen til rette for gjennomføring av ulike moglegheiter. Det kan etablerast eit eller fleire industribygg på området. Max tillaten

gesims- og mønehøgde er sett til 11 meter.

Kommunestyret vedtok den 12.12.2022 i sak KO-131/22 å legge ut "Detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde" til 1. gongs høyring. Planen vart lagt ut til høyring i perioden 23.12.2022 - 03.02.2023. Det kom inn merknader frå 8 statlege og regionale myndigheiter og 14 private. Norconsult har hjulpet teknisk sektor å gå gjennom merknadane, og har revidert planen.

Plandokument er lagt ved saka (jf. vedlegg).

Vurdering og konklusjon:

Merknadane etter offentleg ettersyn er handsama av administrasjonen i eige vedlegg Småstranda - Oppsummering av innspel etter offentleg ettersyn_07-03-2023. Følgjande endringar er føreslått etter offentleg ettersyn:

- Føremålet «Farleier» er endra til «Ferdsel».
- Føresegnene knytt til flaumfare og skredfare er utdjupa, og det er sett krav til at fyllinga skal plastrast.
- Konsekvensgraden for friluftsliv er oppjustert på bakgrunn av ny informasjon. På bakgrunn av innspel frå private er skildringa av den samla konsekvensgraden i kap. 6.11 oppdatert. Det er stor lokal motstand mot prosjektet. Området er i dag nytta til fritid og friluftsliv, og det er fleire hytter i umiddelbar nærleik.

Administrasjon tilrår ut i frå dette at "Detaljreguleringsplan for Småstranda næringsområde", med dei endringane som er utførte i plandokumentet datert 28.02.2023, vert sluttgodkjend politisk.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende
Miljøkonsekvensar: ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: ingen kjende
Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør